

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 10.03.2021
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Økonomidirektør Ola Rye

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering, pkt. 6**
Innføring av Libra i Sjukehusapoteka Vest

ARKIVSAK: 2021/19
STYRESAK: 03/21

MØTE: **17.03.2021**

.....

Oppsummering

SAV skal ta i bruk Libra i Sjukehusepeksdiasjon 10.mai i år. Alle som arbeider i SAV vert berørt av innføring av LIBRA, inkludert alle som skal bestille, godkjenne og gjere mottak av varer.

Innføring av LIBRA medfører utfasing av m.a. Framapro og Visma, noko som betyr ei betydeleg omlegging av arbeidsprosessar, og som medfører ein viss risiko som følge av endringane. SAV planlegg innføringa med fokus på ein så godt styrt overgang som mogeleg, og utan konsekvensar for sjukehusføretaka. Erfaringar frå sjukehusføretak som har teke i bruk Libra prosssane og sjukehusapotekføretaket i midtnorge (har og innført SAP) er viktig i planlegginga.

Per dag pågår akspetansetest og ferdgstilling av integrasjonar m.v. I vekene framover vil det være hektisk aktivitet med testing av system og mobilisering av organisasjonen for produksjonsetting i mai. Med god støtte frå regioanlt innføringsprosjekt har SAV tru på ein godt styrt og kontrollert innføring.

Fakta

Felles regionale LIBRA prosessar skal innførast for SAV 10.mai i år. SAP erstattar FarmaPro ved Sjukehusekspedisjonen for utgående (salg) samt inngående (innkjøp) vareflyt og lagerstyring. SAP vil også erstatte VISMA for innkjøp av varer og tjenester til forbruk (ikkje videresalg) for alle avdelingar. Produksjon og Publikum vil fortsetje å bruke FarmaPro for kjøp til lager. Korleis, og når, SAV skal ta i bruk LIBRA i desse avdelingane er ikkje avklart.

Dei viktigaste endringane for SAV


Dei mest sentrale endringane for SAV vil være:

- Automatisk varebestilling (MRP) vil skje i SAP. Dagens system levert frå grossist (Evant) vert fasa ut og SAV vil ved innføring av SAP få nye oppgåver med å setje opp, analysere og vedlikeholde parametere for optimal lagerstyring.
- Ved levaranse til sjukehusa vil ordrar med rest (manglande levering) ikke krevje nye ordrar slik som i dag. Leverer apoteket deler av ein salgsordre vil det som ikkje vert levert ligge som rest inntil det vert levert, eller ein bevisst velger å avslutte ordren. Dette forenkler ordrehandteringa.
- Ordrar til postar på sjukehusa vil bli automatisk fakturert fortløpende elektronisk og ikkje månedleg som i dag. Dette representerer ei forenkling av fakturarbeidet men krev og endring av rutinar for intern kontroll i fakturaproessen.
- Innkjøp til forbruk vil skje i SAP for alle avdelingar og dagens løysing med Visma vert fasa ut. Alle bestillingar vil i SAP kreve at det vert oppretta ein innkjøpsordre. Dette er i seg sjølv ei stor omlegging. Samstundes vil manuell godkjenning av faktura utgå ved at faktura går til automatisk betaling dersom det er match mellom innkjøpsordre og inngåande faktura. Sentralt i dette er arbeidsdeling ved innføring av «fire øyne prinsippet»; Den som oppretter innkjøpsordre er «to øyne», og den som godkjenner er «to øyne».
- SAP er til forskjell frå dagens system eit full-integrert system som betyr at det ein gjer på eit steg i prosessen får følger vidare i systemet. Dette betyr at ein jobbar direkte mot regnskapssystemet i desentraliserte prosessar. Dette vil være effektivt og ta ned risiko for feil i overgang mellom arbeidsprosessar. Samstundes krev det auka meksemnd på «rett første gang» ved bruk av systemet.

Innføringsprosessen

Hovedmålet for lokalt LIBRA prosjekt i SAV er å innføre og ta i bruk felles regionale arbeidsprosesser og systemstøtte. Prosjektet skal sette sluttbrukar i stand til å forstå og anvende felles prosesser og system på en tiltenkt måte, og gjennomfører nødvendig førebuing for å hente ut nytte fra LIBRA.

Innføring av et nytt system er krevjande og figuren nedanfor illustrerer at det er venta at produktiviteten vil gå noko ned ved oppstart og i ein periode framover. Dette mellom anna som følge av at nye system tar tid å lære, arbeidsmåten må endrast og nye rutinar trenast inn, samt at feil og manglar i både system og datagrunnlag vil verte avdekka, og som det tek tid å rette opp.



Innføringsprosjektet for LIBRA i SAV har lagt planar for å sikre god drift også etter LIBRA er teke i bruk. Basert på tidligare erfaringar hjå sjukehusføretaka er det etablert 10 hovedaktivitetar med egne ansvarlige og detaljerte planer for innføringa: opplæring, datamigrering, support ved oppstart, IT tekniske førebuingar, endringsleiing, interimsprosedyrar, beredskap ved oppstart, kommunikasjon, produksjonssetting og prosessdesign.

Sentrale aktiviteter for apoteka (sluttbrukarane) og prosjektressursane er i stor grad:

- o Sluttbrukaropplæring: 26.04 – 07.05
- o Produksjonssetting: 07.05 – 09.05
- o Support ved oppstart: 10.05 – 31.05

Innføring av LIBRA er eit stort løft for Helse Vest og SAV der ein legg ein solid grunnmur å bygge vidare på fremover. SAP er eit standard forretningssystem basert på solid teknologi og moderne brukargrensesnittet som gir mange mogelegheiter vidare.